



abs

Sharebanken
Sør og Nord

asnitio



SKYTELAPPEN

LAGSBLAD FOR LEIKANGER SKYTTLARLAG • DESEMBER 2009



**Vi vil takke våre faste sponsarar/
samarbeidspartnarar for støtten:**

Agnitio
Diamantsaging Sogn
Erling Røysum AS
Hermansverk Servicesenter as
Holen Installasjon
Ingvald Husabø Prenteverk a.s
Instefjord Asfalt
Mesta
Sogn Avis
Sognefjord Hotell
Sognekraft
Sogn Røyr
Sparebanken Sogn og Fjordane
Syrstrond Gartneri
Sæle Assuranse
Vik Verk
Våpenloftet



1876

ANSVARLEG UTGIVAR.

Leikanger skyttarlag v/styret.
Postadresse: 6863 Leikanger

BANKFORBINDELSE:

Sparebanken Sogn og Fjordane
avd.: Leikanger

Konto nr.: 3781.07.31045

Heimeside: www.dfs.no/leikanger
e-post: leikanger@skyttarlag.no

SATS, MONTASJIF OG TRYKK:
INGVALD HUSABØ PRENTEVERK, LEIKANGER

Klasseførde skyttar i 2010

Jorunn Olaug Eide	1	Vart Rygg Freshheim	ASP
Vidar Jacobson	1	Cristof Gjodal	ASP
Olav Skarsbø	1	Ilend Henesand	ASP
Roy Sjøgdalike	1	Axel Melingen	ASP
Ingrid Fjellnes	1	Andreas Vjestad	ASP
Annelie Skarsbø Dale	1	Stian Nessal	ASP
		Tora Liveseth	ASP
Jørn Tore Odd	2	Annebr Magnus	
Camilla Njøs Rygg	2	Elde Walaker	ASP
Arne Ytri	2		
Sve Kristin, abreg Yttri	2	Helena Sabba Nes	R
Nils O av Øy	2	Gabrie Skjuthaug Ytri	R
Jomar Skarsbø Dale	2	Agathe Skarsbø Dale	R
Sissel Annaland	2	Ulriki alskal Hove	R
		Theresa Lund	R
		Keyla Flanella	R
Gunnar Hamre	3		
Steinar Husabø	3	Thomas Valrik Ytri	ER
Ivar Husum	3	Helge Gjerdal Gjerm	ER
Jacobsen God	3	Kristian Eloe Walaker	ER
Verner Bjerkevik	3	Andreas Oppedal	ER
Linda Furuseth	3	Jacobson	ER
		Stje Marie Fosheim	ER
Lars Njøs	4	Stian Andre Fossey	J
Inge Ytri	4	Vidar Skarsbø Dale	J
Jan Hognes	4	Thor Harald Bergum	J
Arne L. Nes	4	Jensen	J
Janne Ulmestøl Njøs	4	Sara Fossey	J
Kjetil Ness	4	Marit Sæbe Nes	J
Linn Marita Ness	4	Janne Halund Møvik	J
Ørjan Naras	4		
Ane Hemning Lund	4		
Lund Yttri	5	Arvid Brønset	V55
Svein Kåre Furuseth	5	Knut G. nes	V55
Per Ove Fosheim	5	Lof Bjørn Sæbe	V55
Tone Anette Espen	5	Sverre Fosser	V73
Kjetil Folkessad	5	Johannes H. H. J. m	V73
Marianne Stgen	5	Ragnar Husabø	V73
		Nils Nes	V73
		Torbjørn Strømseth	V73
		Jacob Sjøyva	V73
Eskil Skjuthaug Ytri	ASP		
Danie Ljosberg	ASP		
Erik Myklestad	ASP		
Sofie Husabø	ASP		
Markus Oppedal	ASP		
Jacobson	ASP		
Martin Sæbe Nes	ASP		
Siri Fossey	ASP		

Framsidedilte:

Stian André Fossey – nytt medlem i 350-klubben.

Baksidedilte:

Samlagsmeistarar i felt, klasse 2–5 Per Ove Fosheim og rekrutt Andreas Oppedal Jacobson.

SKYTELAPPEN 2009

Til alle skytevener!

No er det snart jul, og på tide med eit nytt nummer av skytelappen.

Bladet fungerer som ei oppsummering av året for Leikanger Skyttarlag.

Det har på nytt vore eit fint år å sjå tilbake på.

Ei stor ros til ungdomsutvalet, som gjer ein god jobb med rekruteringa til laget.

Det har i år vore mange fine prestasjonar, og då spesielt med tanke på framgangen til enkelte av dei unge.

Me har og hatt to damer som har utmerka seg i år.

Dette kan du lese meir om inne i bladet.

I 2009 vart Landsskyttarstemnet arrangert på Evje..

Det var ei kjempeflott veke med mange gode prestasjonar av våre skyttarar.

Leikanger hadde 39 påmelde, og dette var det kun 10 skyttarlag som kunne slå. Neste år er

Landsskyttarstemnet på Elverum, og alt ligg til rette for ein fin ferietur.

For dei som er på internett av og til, kan ein anbefale sida: www.ls2010.no

Noko nytt i år er «Grasrotandelen» frå Norsk Tipping, dette er ein fin måte å støtte skyttarlaget på. Sjå eiga annonse i bladet side 11.

Me vil og opplysa om at ei av inntekts-kildene til skyttarlaget er dugnadsarbeid, so har du noko som kunne vore passende må du ta kontakt.

Vi vil rette ein stor takk til Ingvald Husabø Prenteverk a.s for hjelpa for at vi kan lage Skytelappen og servere den til alle husstandane i kommunen. Som vanleg har vi lagt ved ein bankgiro som kan nyttast om De vil betale litt for bladet.

Leikanger skyttarlag har mange å takke for den gode støtta laget får kvart år, og vi ynskjer alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år.

– Redaksjonen –

Avtroppande leiar har ordet

Året 2009 har vore eit godt år for Leikanger skyttarlag.

Vi har hatt stor aktivitet både gjennom innandørs og utandørssesongen. Mange unge har delteke både på trening og i konkurransar, og det er oppnådd mange fine resultat. Også seniorane våre har hevda seg godt. Laget har såleis markert seg som eit av dei beste i fylket nok ein gong.

Mange enkeltresultat kunne vore dregne fram. Eg vil her berre trekke fram tre. Stian Andre Fossøy i Eldre Rekrutt-klassen skaut 350 poeng på landsskyttarstemnet og vart med det resultatet medlem av den eksklusive 350-klubben. Tone Anette Espe skaut 298 poeng på den innleiande Nation-skytinga og vart med det nr 5. I finalen der alle dei beste skyttarane i landet deltok vart ho nr. 18. Marianne Stigen oppnådde fullt hus med heile 250 poeng på Dugleiksmærkeskytinga. Betre kan det ikkje gjerast.

Vi har eit godt utandørs anlegg i Eivaldsgjerdet. Men vi skulle gjerne ha bygt eit nytt skyttarhus. Dette vil på kort sikt vere eit for stort økonomisk lyft for laget åleine. Vi må vente til vi kjem i posisjon for å få tippemidlar og kommunale tilskot. Til så lenge er det naudsynt med eit mindre tilbygg til skyttarhuset for å gi betre plass og tilfredsstillande arbeidsforhold for funksjonærene under stemner. Dei provisoriske løysingane vi har no er ikkje haldbare. årsmøtet i oktober gjorde nødvendige vedtak og siktemålet er å få dette ferdig til stemnesesongen 2010. Vi reknar med at dugnadsinnsatsen blir like stor no som tidlegare. Dugnad treng vi for å kunne halde kostnadane nede på eit akseptabelt lågt nivå.

Vi har eit godt og positivt miljø i Leikanger skyttarlag. Svært mange tek på seg tillitsverv og legg ned eit stort arbeid for laget. Mange foreldre er flinke til å fylgje opp borna sine som deltek både i trening og konkurransar. Det er ei både inspirerende og takknemleg oppgåve å vere leiar i eit lag når ein har gode medarbeidarar på alle postar, slik tilfellet har vore i dei fire åra som eg har vore leiar. Og i tillegg har laget ei sterk støtte frå folket i bygda og frå sponsorar og andre økonomiske støttespelarar.

Etter fire år som leiar er det på tide for ein pensjonist å sleppe nye krefter til i leiinga av laget. Eg

takkjar for samarbeidet og ynskjer det nye styret med Eivind Yttri i spissen lukke til. Det er ein gjeng med dyktige og arbeidsvillige folk som utan tvil vil bringe Leikanger skyttarlag vidare framover på ein god måte.

Lars Lefdal

Tankar frå ny leiar


Eg vil starte med å takke for tilliten frå årsmøtet. Det er ikkje alltid optimalt å ha ein leiar som er aktiv skyttar, men på andre sida må alle ta eit tak for laget. Utfordringar med å ta over etter Lars Lefdal er å halde fram styringa av laget med stødig hand, klare forventningar, informasjon ut i media og informasjon til medlemmane gjennom ei oppegående heimeside.

Leikanger skyttarlag har ry som ein god arrangør og eit lag med mange aktive og gode skyttarar. Mitt første mål er at vi må ivareta ryet vårt. Eg vil involvere heile styret i mest mogleg av det vi handsamar, men samtidig gjere dette så lite arbeidskrevjande som råd. Vidare målsetting vil eg diskutere og fastsette med styret/laget. Framover må vi ivareta den gode rekrutteringa vi har hatt siste åra, gje plass til dei som berre skyt for å ha det moro og passe på at desse blir verdsett, syte for økonomien i laget, ivareta og gjere nødvendige tiltak på anlegga våre og til slutt forsøke å halde fram utviklinga med auka breidde og nivå på seniorsida. Når det gjeld seniorane har nok 2009 vore eit av våre betre år. Vi fekk mange gode resultat og plasseringar som er nemnde andre stadar i skytelappen. Laget hadde i år sin første representant på prinsesselaget på landskyttarstemna, men vi skulle gjerne vore tilbake med å ha folk inne blant dei 20 beste samanlagt i norgescupen og deltakarar på kongelaget. Våre 3 aktive skyttarar som har vore på kongelaget, er etterkvart godt vaksne og vi skulle hatt nye som fekk oppleve denne gleda. Ungdommane våre har hatt ein flott sesong. Det er stas kvar gong ein av våre unge klarar kravet til 350-klubben og det skjer stadig at vi får nye inn på lista. Noko av grunnen til dette er den fantastiske jobben som blir gjort i ungdomsutvalet vårt.

Styret er til for laget og ikkje omvendt. Dersom du som medlem har meiningar/skryt/kritiske spørsmål, så syt for at styret blir kjent med dette, gjerne via skyttarlaget sin epost.

Slutningsvis vil eg seie at eg er glad for at eg kan jobbe med meg eit styre med mykje god kompetanse og innsatsvilje. Med styret og dei gode nemndene vi har som gjer eit framifrå arbeid, er grunnlaget for god drift på plass. Vi framover jobbe for å vere det vi til no har

Eivind Yttri



Årsmelding for 2009 for Leikanger Skyttarlag

STYRET.

Styret har i 2009 vore samansett slik:

Leiar Lars Lefdal, nestleiar Eivind Yttri, kasserar Inge Yttri, sekretær Tone Anette Espe, styremedlem Verner Bjerkvik, og leiar i ungdomsutvalet Olav Skarsbø.

Styret har avvikla 7 styremøter sidan siste årsmøte.

BANEANLEGGET.

Banememnda har gjort eit godt arbeid med vedlikehald av baneanlegga i løpet av året. Vi har 12 elektronikkskiver på 200 meter og 8 på 100 meter. Elektronikken krev mykje arbeid med vedlikehaldet noko som kostar mykje pengar. Vi konstaterer mellom anna at monitorane til tider vert hardt handsama og får skader. Styret vurderer ulike tiltak for å sikre at ein unngår slurv og skader på utstyret. Styret må be alle skyttarane om å vise ansvar og bruke utstyret med varsemd.

Det vert arbeidd med planer om ei mindre utviding av skyttarhuset for å gjere arbeidsforholda i sekretariatet lettare.

6 AKTIVITETEN I 2009.

Laget har i 2009 hatt 230 medlemmer. I 2008 hadde vi 243 medlemmer.

Også 2009 har vore eit aktivt år for skyttarlaget. Skyttarar i laget har deltek på mange stemner i løpet av året. Dette året deltok vi også i Austlandscupen.

Vi har arrangert eit større stemne innandørs med 165 deltakarar. Utandørs arrangerte vi Avinorstemnet i lag med Fortun, Hafslo og Sogndal med 253 deltakarar her i Leikanger, ein fin auke frå 2008 då 231 deltok. Det vert arbeidd med å få til avtale med ny hovudsponsor for dette stemnet.

Til landsskyttarstemnet på Evje var det påmeldt 39 skyttarar frå Leikanger. Fleire skyttarar gjorde det spesielt godt på Landsskyttarstemnet. Tone Anette Espe låg på skive 10 på prinsesselaget. Per Ove Fossheim kom på 12.plass på felthurtigskytinga. Eivind Yttri skaut fullt hus med 30 treff på feltskytinga.

På 100 meter skaut Andreas Oppedal Jakobsen og Stian Andre Fossøy fullt hus 250 poeng, Vidar Skarsbø Dale oppnådde 249 poeng. Stian Andre skaut fullt hus på omgangen og oppnådde 350 poeng samanlagt. Stian Andre vart nr. 24 samanlagt og fekk ungdomsmedalje.

Skytingens dag vart avvikla under Fruktbare dagar laurdag 3. Oktober. Heile 43 interesserte deltok i tilskipinga på miniatyrbana i ungdomshuset på Hermansverk. Det var eit flott arrangement som vart godt motteke. Det viser at vi har funne det rette tidspunktet for å arrangere Skytingens dag i Leikanger.

ØKONOMI.

Heller ikkje i 2009 fekk laget innvilga tippemidlar til elektronikkinvesteringane som vi gjennomførde i 2006. Vi må halde fram med å søkje til det vert vår tur. Vonleg vil vi vere i prioritet i 2010. Økonomien til laget burde ha vore noko betre. Men laget har likevel greidd å sikre ein brukbar økonomi gjennom god bistand frå sponsorar, lotteri og positive resultat frå dei større stemnene som laget har arrangert. Vi har og gjennomført fleire dugnader i samband med flytting av kontor for etatar i bygda som har gitt eit positivt tilskot til økonomien til laget.


RESULTAT.

Det er oppnådd mange gode resultat i løpet av 2009.

Vi vil serleg trekke fram Tone Anette Espe som vart nr 5 med 298 poeng i innleinga i Nations-skytinga og Marianne Stigen som fekk fullt hus 250 poeng i Dugleiksmærkeskytinga. Tone Anette kvalifiserte seg til finalen og vart der nr. 18 i konkurranse med dei aller beste skyttarane i landet.

Ved sida av landsskyttarstemnet var mange skyttarar frå laget med på dei tre rundane i Norgescupen. Kjell Folkestad gjorde det framifrå godt på den første runden og enda totalt som den beste frå laget samanlagt.

Dei andre skyttarane våre gjorde det best på NC-stemnene i Bergen der Per Ove Fossheim, Svein Kåre Furre og Marianne Stigen fekk poeng i NC då dei var mellom dei 50 beste i den



Moro med skifeltt!

sterke konkurransen.

Per Ove Fosshem vart samlagsmeister i Felt. Sverre Fossen vann V 73.

Tone Anette Espe vart lagsmeister i grovfelt. I finfelt vann Gabriel Skjulhaug Yttri klasse R, Vidar Skarsbø Dale og Stian Andre Fossøy delte sigeren i ER, Tuva Ulveset Kvalsøren var best i RMS, Maria Nes i J og Ragnar Husabø i V 73.

På bana utandørs vann Svein Kåre Furre lagsmeisterskapet i klasse 3-5, Arve Yttri i klasse 2 og Jorun Elde i klasse 1. På 100 meter vann Markus Oppedal Jakobsen i RMS, Andreas Oppedal Jakobsen i klasse R, Vidar Skarsbø Dale i ER, Maria Nes i J og Sverre Fossen i V 73.

På samlagsstemnet vann Ragnar Husabø klasse V 73. Leikanger vann lagsiger både på 100 meter og 200 meter.

På Avinorstemnet gjorde Andreas Oppedal Jakobsen det best. Han vann klasse R samanlagt.

I lagsmeisterskapet i skogsløp med skyting deltok 22 skyttarar. Eivind Yttri hadde det beste resultatet, men 10 år gamle Eskil Skjulhaug Yttri var den raskaste i løypa.

I lagsmeisterskapet innandørs i miniatyr vann Svein Kåre Furre i klasse 3-5 med 244 poeng. Jomar Skarsbø Dale vann klasse 2 og Jorun Elde vann klasse 1. Sverre Fossen var best av veteranane med 248 poeng i klasse V 73.

UNGDOMSUTVALET.

Aktiviteten mellom dei unge har vore god både innandørs og utandørs gjennom heile sesongen.

Ungdomsutvalet med leiaren Olav Skarsbø i spissen har gjort ein framifrå jobb som styret takkar mykje for. Arbeidet til Ungdomsutvalet er krevjande. Det er viktig at seniorane stiller opp som instruktørar. Styret viser elles til eigen årsmelding frå Ungdomsutvalet.

STIPEND.

Styret i Leikanger skyttarlag har vedteke å gi 4 stipend for 2009 med 500 kroner til kvar: Tone Anette Espe, Marianne Stigen, Andreas Oppedal Jakobsen og Tomas Valvik Yttri.

SESONGEN 2010.

Vi reknar med stor aktivitet også i 2010.

Vi tar sikte på å arrangere eit miniatyrstemne i februar. Utandørs reknar vi med at det vert eit større stemne i mai, men alt dette som gjeld 2010 vert først klart når terminlistene er klare.

Elles vil medlemsverving og rekruttering av nye skyttarar vere ei prioritert oppgåve. Aktivisering av gamle skyttarar som har trappa ned ei stund må vi og ha merksemd på.

Vi reknar og med at det vert dugnadsarbeid i samband med påbygget på skyttarhuset, og dessutan i samband med dugnader av ulikt slag i bygda.

SLUTTORD

Styret vil takke alle medlemmer og støttespelarar for god og positiv medverknad til at vi har kunne gjennomføre ein god sesong for Leikanger skyttarlag i 2009. Takk til våre sponsorar og alle andre som har bidratt til at vi har kunne halde oppe aktiviteten vår på høgt nivå.

Styret

Årsmelding frå ungdomsutvalet

Styret i ungdomsutvalet har vore samansett slik: Olav Skarsbø (leiar), Arild Fossøy, Arne L. Nes, Vidar Jacobsen og Torbjørn Aase. Vara: Per Ove Fossheim og Sverre Fossen

Olav Skarsbø har delteke på i styremøta i laget.

Vi ser attende på ein svært aktivitet og godt år med stor breidde og mange flotte resultat.

Miniatyrseasonen starta opp i oktober med 33 skyttarar. Av desse har 22 delteke delteke heile sesongen. Fordelinga mellom klassane viser fin breidde, men vi skulle gjerne sett enda fleire vart med opp i klassane eldre rekrutt og junior. Mange unge er aktive innan fotball, friidrett, musikk og dans så det er ikkje alltid like lett å finne skytetider som passar for alle. Spesielt gjeld dette i utesesongen der fotballen har lett for å vinne. Leikanger er likevel det laget i samlaget med flest unge skyttarar.



Klassefordeling blant dei unge:

Klasse	Årstirn	Miniatyrseasonen (inne)	Bane 100m (ute)	Skyteskule
Aspirant	10-15	14	9	-
Rekrutt	11-13	9	8	2
Eldre rekrutt	14-15	6	4	4
Junior	16-17	4	1	1
SUM		33	22	7

Ungdomsutvalet har hatt følgjande mål:

- Vi skal ha fleire skyttarar som hevdar seg i toppen i samlaget vårt.
- Vi skal ha god deltaking på stemner i samlaget og under landsskyttarstemne.
- Vi skal jobbe for at fleire oppnår 350 poeng i klassen rekrutt, eldre rekrutt eller junior.
- Vi skal vere positive og ha det moro under

stemne og i konkurranse.

Vi kan kvittere ut alle desse punkta denne sesongen, men ynskjer også framover å fokusere vår satsing rundt desse måla.

Vi har gjennomført skyteskule med 7 deltakarar. Denne sesongen har vi gjennomført skyteskule både på måndag og torsdag slik at fleire fekk høve til å delta. Dette er eit tilbod til dei som ynskjer å satse på skytesporten og legge ned ekstra innsats i trening.

Ungdomsutvalet har fokus på den sosiale delen rundt det å reise på skytestemne. Vi har samordna påmelding og dermed fått like skytetider slik at vi lettare kan reise og skyte saman. Dei siste åra har vi samlast på Dolly Dimple etter miniatyrstemna i Sogndal i februar. Laget spanderar pizza mens vi diskuterar resultat og strategi framfor neste stemne. Vi har

jobba aktivt med å få fleire unge til å delta på skytestemner. Dette har vi lykkast med, noko som og visar på resultatlistene.

Leikanger vann i år som i fjor årets koorspodanseskyting i miniatyr. Vi vann for første gang Kiwi-cup på 100m etter ein spennande finale i Knipenborg. Fleire av våre skyttarar har kvalifisert seg og gjort det svært godt i lagskyting for Sogn Indre på

Landsdelkretsstemna, Vestlandsstemna og Landsskyttarstemna.

Stian Andre Fossøy prikka inn formen til landsskyttarstemne på Evje og sette personleg rekord med 350 poeng. Han hamna med dette på ein flott 24 plass i eldre rekrutt i denne svært tøffe klassen. Han fekk tildelt ungdomsmedaljen.

Maria Sæbø Nes har også år hatt ein svært god sesong og har som første års junior oppnådd mange gode resultat. Maria kom til finaleskyting i felt på landsskyttarstemne og enda på ein kjempeflott 17 plass med 40/8. Maria vann og Sparebankcupen, ein cup der dei 8 beste i klassen gjennom sesongen møttes til finale i Florø.

Vidar Skarsbø Dale har heile 8 stemner med 349 poeng denne sesongen, men klarte ikkje den magiske 350 grensa i år. Vidar var beste skyttar på Evje blant dei med 249 og kom på 65 plass i klassen med 420 deltakarar. Vidar vann Sparebankcupen i eldre rekrutt.

Andreas Oppedal Jacobsen har og hatt en kjemp flott sesong som rekrutt. Han vann Avinor stemna med 1393 samanlagt etter 349 poeng i Hafslo, Sogndal og Leikanger og 346 i Fortun. Slå den!

Vi har mange andre med svært gode resultat og viser til våre nettsider og skytelappen.

Thor Harald Bergum Jensen, Thomas Valvik Yttri, Kristian Elde Walaker, Helena Sæbø Nes,

Gabriel Skjulhaug Yttri, Therese Lunde, Agathe Skarsbø Dale, Unni Lefdal Hove og Keyty Planeta har alle sett ny personleg rekord denne sesongen. Vi har og mange aspirantar som skyt godt og som neste sesong deltek som rekrutt.

Ungdomsutvalet ynskjer å rette ei stor takk til våre instruktørar og hjelpetreinarar, samt føresette som stiller opp ved køyring og på dugnad i laget. Vi gleder oss til ein ny sesong!

Takk til alle aktive skyttarar for ein kjemp flott sesong!

Olav Skarsbø (leiar i ungdomsutvalet)

RESULTAT FRÅ LAGSMEISTARSKAPA VÅRE DENNE SESEONGEN

Miniatur 15m

26 skyttarar deltok i Leikanger skyttarlag sitt lagsmeistarskap i miniaturskyting 18. februar. Malin Sæbø Nes, Andreas Oppedal Jacobsen, Thor Harald Bergum Jensen og Maria Sæbø Nes vart lagsmeister i sine klassar.

Rekrutt med støtte

Malin Sæbø Nes	244
Markus Oppedal Jacobsen	239
Eskil Skjulhaug Yttri	230
Siri Fossøy	227
Sofie Husabø	225
Andreas Mjelstad	222
Marit Rygg Fredheim	219
Aksel Mellingen	217
Erlend Henjesand	217
Stian Nesdal	212
Christer Gjerlad	207
Anders Magnus Elde Walaker	194

Rekrutt

Andreas Oppedal Jacobsen	249
Thomas Valvik Yttri	244
Helena Sæbø Nes	240
Gabriel Skjulhaug Yttri	236
Therese Lunde	209
Agathe Skarsbø Dale	205
Keyty Planeta	146

Eldre rekrutt

Thor Harald Bergum Jensen	248	12*
Stian Andre Fossøy	248	8*
Vidar Skarsbø Dale	245	
Sara Elena Fossberg	244	
Kristian Elde Walaker	234	

Junior

Maria Sæbø Nes	246
Jarle Halland Molvik	213

100 m bane

Lagsmeistarskapet på 100 meter bana vart gjennomført 12. og 13.mai med totalt

28 deltakarar. Mykje flott skyting. Rekrutt med støtte skaut 25 skot, mens klassane Rekrutt, Eldre rekrutt og Junior skaut 35 skot

Rekrutt med støtte

Markus Oppedal Jacobsen	238
Siri Fossøy	234
Eskil Skjulhaug Yttri	233
Marit Rygg Fredheim	230
Eirik Myklebust	228
Stian Nesdal	227
Tuva Ulveseth Kvalsørn	227
Malin Sæbø Nes	225
Erlend Henjesand	219
Anders Magnus Elde Walaker	205

Rekrutt

Andreas Oppedal Jacobsen	347
--------------------------	-----

FINFELT

Lagsmeisterskapen i finfelt var gjennomført 1.september. 16 skyttarar deltok. Det var regn og mørkt i vêret noko som gjorde at vi ikkje fekk gjennomført finale. Mykje god skyting med heile 7 skyttarar med 30 treff.

Junior

Maria Sæbø Nes	6/4	6/6	6/5	6/5	6/4	30/24
----------------	-----	-----	-----	-----	-----	-------

Eldre rekrutt

Vidar Skarsbø Dale	6/4	6/5	6/6	6/5	6/6	30/26
Stian Andre Fossøy	6/5	6/6	6/6	6/4	6/5	30/26
Thor Harald Bergum Jensen	6/6	6/6	6/3	6/6	6/1	30/22
Kristian Elde Walaker	4/0	5/1	5/1	6/3	3/2	23/7

Rekrutt

Gabriel Skjulhaug Yttri	6/3	6/5	6/2	6/5	6/4	30/19
Andreas Oppedal Jacobsen	6/4	6/6	6/3	6/2	6/3	30/18
Helena Sæbø Nes	6/4	6/6	5/2	4/0	6/4	27/16
Thomas Valvik Yttri	6/5	4/3	6/1	4/2	4/4	24/15
Therese Lunde	4/1	3/0	4/0	4/4	3/1	18/6
Agathe Skarsbø Dale	5/2	4/1	3/1	2/0	4/2	18/6
Keyty Planeta	3/0	1/0	3/0	1/0	0	8/0

Rekrutt m/støtte

Tuva Ulveseth Kvalsørn	6/3	6/4	6/3	6/4	6/6	30/20
Malin Sæbø Nes	6/5	6/4	6/3	6/4	5/3	29/19
Eskil Skjulhaug Yttri	6/2	6/5	6/3	5/4	6/2	29/16
Stian Nesdal	3/1	3/1	5/1	2/0	6/2	19/5

Gabriel Skjulhaug Yttri	341
Helena Sæbø Nes	334
Thomas Valvik Yttri	332
Unni Lefdal Hove	324
Therese Lunde	298
Agathe Skarsbø Dale	295
Keyty Planeta	269

Eldre rekrutt

Vidar Skarsbø Dale	348
Stian Andre Fossøy	344
Thor Harald Bergum Jensen	337
Kristian Elde Walaker	335

Junior

Maria Sæbø Nes	348
Jarle Halland Molvik	317

*Kiwi Hermansverk
vil få ynskja alle sine kundar ei
retteleg god jul
og eit godt nytt år!*

Me har fylgjande opningstider i jula:

Måndag 28. desember	kl. 09.00-21.00
Tysdag 29. desember	kl. 09.00-21.00
Onsdag 30. desember	kl. 09.00-21.00
Nyttårsafta 31. desember	kl. 09.00-15.00
2. januar	kl. 09.00-20.00

10

KIWI

**FAST
mini
pris**

Bruk av e-post/sms for informasjon

Leikanger skytterlag ønsker å ha nær kontakt med sine medlemmar og vi oppmodar alle medlemmar om å sende ein e-post til til leikanger@skytterlag.no slik at vi kan lage eit

E-POSTREGISTER.

På onsdags-treningane for dei yngste, har me og forsøkt å samle inn mobil-nummer for event. informasjon pr. sms. Dersom de ikkje har fått informert om mobil-nummer, eller ynskjer å bruka eit anna nummer, ta med dette i e-posten Vi vil nytte registeret i dei tilfeller der det er viktig å få sendt ut informasjon.

E-post til skytterlaget er også eit alternativ dersom du ønsker å melde ifrå om noko eller har spørsmål.

Elles oppmodar vi alle medlemmar om å holde seg oppdatert på vår heimeside www.dfs.no/leikanger.

Husreglar

Ved leige av skytterhuset er det den som står som leigar som er ansvarleg og leigar må vere fylt 18 år.

Dersom noko forsvinn, blir skada eller øydelagt er det leigar som står økonomisk ansvarleg. Dette omfattar og bilar, campingvogner og eventuelt anna som står på området.

Boss må takast med då vi ikkje har nokon avtale med Simas. Dette gjeld og flasker og boksar.

Då skytterhuset ligg i eit bustadområde må vi be leigarar om å ta hensyn til naboane.

Huset skal forlatast i den stand ein finn det.

Nøkkjar skal leverast kl. 12.00 (dette gjeld ikkje ved leige heile helga).

Kontakt-person:

Maria Sæbø Nes


Tlf. nr: 480 42 013

HUGS Å TA MED TIL TIPPE-KOMMISSJONÆR!

Leikanger Skytterlag • org.nr. 993 555 266



GRASROT
ANDELEN



NORSK TIPPING

Tidenes julegave

1 av 4 har valgt sin grasrotmottaker.
Det er fremdeles grasrotmidler å hente!

Det er fremdeles mange spillere som ikke har valgt sin grasrotmottaker. Dette kan ditt lag eller forening utnytte! Ved å gjøre en ekstra innsats med verving frem mot nyttår, vil din forening kunne tjene gode penger på Grasrotandelen, og få tidenes julegave rett inn på konto 1. januar 2010.

Gå inn på grasrotandelen.no og lær mer om hvordan dere kan gjøre dette. Lykke til!

* For Multix fordeles halvparten av overskuddet til Grasrotandelen. Grasrotandelen beregnes ikke for Extra og Flax.

LS på Evje 2009

Folkefest på Evje.

12



Onsdag er det grillfest.



OJ!!!
No kjem
anvisninga!

Detta e spennande.
Nesten ikkje til å
hålda ut!

YES! Da gjekk bra!






Eit godt støtteapparat er viktig.




Detta e moro!



Kå bli da pao siste skotet?



Ein fin gjeng. Frå venstre: Stian Andre Fossøy, Marta Bjørk (Supportar og resultat-førar), Jørn Njøs (Leiar i Samlaget), Knut Grinde (Leiar i Kretsen), Jarle Tvinnereim (Visepresident i Norges Skytterstyre), Janne Kornbrekke (Styremedlem i Norges Skytterstyre)



På Evje kunne me ta inn Riks-TV.

M E C A

LEIKANGER AUTO AS

LEIKANGER AUTO AS

er et topp moderne verksted på alle måter, og ble valgt til Årets Skandinaviske Meca Car Service Verksted 2004 ut ifra en totalvurdering, som blant annet vektlegger profilering utel inne, renhold, kursing, utstyr, service, markedsføring og innstilling. Vi i Leikanger Auto er mektig stolt over utmerkelsen.



IT-LØSNINGER

Alle Meca Car Service verksteder har mulighet for å få bistand i valg av riktig dataløsning. Dette gjelder både hardware og software. Vi installerer og tilrettelegger nødvendig programvare slik at utstyret raskt er klar for bruk. Benytt vår gunstige fellesinnkjøp.



KOMPETANSEUTVIKLING

Meca har en kurspakke utviklet spesielt for Meca Car Service verkstedene. Vi legger stor vekt på dynamikk i det pedagogiske og faglige innhold. Mer enn 250 mekanikere har vært på et av våre 27 gjennomførte kurs de siste 10 måneder.



MARKEDSFØRING

På mindre enn ett år har Meca Car Service blitt svært synlige i det ganske land. Profilering av verkstedsfasader. Kvalitetsarbeidstøy med broderte logos. Riksannonsering både i ukepresse og bransjetidskrifter. I tillegg oppmuntrer vår kjedeavtale til lokal annonsering for enkeltverksteder.



TEKNISK INFORMASJON

Gjennom samarbeidsavtaler med blant annet Helios, Bosch, Autodata, Vivid og Bus sørger vi for at våre kjedemedlemmer har tilgang til bransjens beste hjelpemidler. I tillegg tilbyr vi både egen Hot-line for rask på-stedet-problemløsning samt support via e-post til vår tekniske avdeling.



FINANSIERING

Flere og flere velger utstøysfinansiering gjennom leie. Årsakene er mange; skattefordeler, bedret likviditet, forenklet budsjettering, sikre tidsmessig og funksjonelt utstyr for å nevne noen. Via våre samarbeidspartnere kan vi tilby utrolig gunstige finansbetingelser til våre Meca Car Service verksteder.



DIAGNOSEUTSTYR

Som Bosch sin hoveddistributør i Skandinavia kan vi tilby våre kjedeverksteder rask tilgang til markedets beste testutstyr. KTS og FSA i kombinasjon med softwareløsningen ESI fra Bosch kommer stadig med oppdateringer som gjør din hverdag enklere og mer effektiv.



NETTVERK

Mer enn 350 kjedekolleger i Skandinavia. Over 90 verksteder fra Svalbard i nord til Agderfylkene i sør som treffes jevnlig og utveksler erfaringer, gir tips og råd til hverandre.



14

Vi har en bedre idé!

www.leikangerauto.no

Hanahaug 10 - 6863 LEIKANGER - Telefon: 57 65 31 00 - post@leikangerauto.no

Oppstart unge 21.10. 2009

Denne onsdagskvelden var det ca 20 unge som møtte til oppstarts kveld med premieutdeling.

Det vart gått gjennom programmet for hausten og vinteren.

Det vart vist billedkavalkade frå sesongen 2009.

Det var ein oppsummering av den sesongen som har vore, og det vart trekt fram at Leikanger Skyttarlag er som regel det laget som stiller med flest unge skyttarar på stemnene rundt om i samlaget i løpet av sesongen.

Det vart gjennomført utdeling av premiar etter ein god sesong, og det vart utdelt stipend til to av våre unge skyttarar.

Det vart gjort litt ekstra stas på Stian Andre som nytt medlem av 350-klubben.

Arne L.Nes hadde gjennomgang i rett og sikker bruk av våpen.

Det vart informert om utstyr og kostnad for utstyr.

Det vart informert om finansieringsordning for våpen.

Laget har ogso ein del våpen og utstyr til bruk på trening og stemner.

Det vart anbefalt at skyttarar som skal ta til å skyte utan støtte, går til anskaffelse av ei eiga reim. Dette for at ein då har ei reim som er tilpassa skyttaren, og ein slepp å bruke tid på tilpassing på kvar trening/stemne.

Det vart informert om trafikktryggingsplan, og utdeling av refleksar og refleks-vestar.



15

Trafikktryggingsplan



Leikanger skyttarlag har alltid hatt stort fokus på tryggleik på og utanfor skytebanar.

Me rettar no merksemda mot trafikktryggleik, med fokus på sikker, trygg og behageleg transport. Å ovelhalda fartsgrensene og bruka bilbette, sykkelhjelm og refleks.

Tiltaka gjeld ikkje berre til og frå skytestemner, men i like stor grad til og frå trening.

Leikanger skyttarlag ynskjer å gje vårt bidrag til C-visionen i Størenes vegvesen om 0 drepte og 0 livsvarig skadde i trafikken.

Denne trafikktryggingsplanen er vedteken på årsmøtet i skyttarlaget 16. oktober 2009.

Hvilken side av fartsgrensen er du på?

Me skal ha fokus på følgjande tiltak

- Det skal vera trygt og behageleg å ferdist som skyttar og ledsagar
- Privatbilar skal vera i forskriftsmessig stand
- Tenk på konsekvensar ved lasting av bilen. Lause gjenstandar vil bli kasta framover ved bråstans, så let ikkje slike ligge på nattehylla. Legg heller ikkje våpna på toppen av bagasjen i opne varebilar.
- Bilfører skal syta for at alle i bilen nyttar bilbette
- Køyr forsiktig, hald avstand og hald fartsgrensene. Som passasjer skal du selja frå dersom farten vert for høg
- Alle skyttarar får utdelt refleks, med oppfordring om å bruka denne i mørketida
- Ved bruk av sykkel, moped eller motorsykkel til og frå trening skal ein nytta hjelm, lys og refleks (i mørketida)



Følgjande punkt skal omtalast i årsmeldinga:

- o Kva type transport til frå stemne og trening vert gjennomført
- o Kva trafikktryggingstiltak er gjennomførde
- o Ev. ulukker og spesielle hendingar





Feltskyting er moro!



«Åh, Har du ei Solo, Vidar?»




Mykje kompetanse samla på eit bilde.



Viktig å halde orden i «sy-sakene» sine.

16



No skal da avgjerast.



Team Nes er på plass.


Samlagstemna i felt på Hafslo



Sperrende!



«YES!»



«Nåja, denna va langt framme.»

Vil du ha ein varm vinter?

Kjøp varmepumpe no!

Parasonic

Parasonic

18

~~ETHEREA~~


VARMEPUMPE

Ring for pristilbod og uforpliktande synfaring!



RADIO - TV - SPORT

6863 LEIKANGER • Tlf. 57 65 32 08

		PERSON	PÅ SKRÅ TAL	LEDD BLADET	STEM- ME VERKE- LEG	NÆR- MAST	MAT- RETT AV MJØLK	HEIDRE	UTSTYR FOR Å HINDRE SKADE	STUT
		GA PÅ TVERT							KAR HAST	
		LEIING			SMIE- AVLEN INNGJER- DING			LADD ATOM MÅNE		PRO- NOMEN
		SKLI								
SPRINGANDE	↓	YTE MALM	REST		UVISS DYR					
UFLAKS			SENT- RUM NIFSE			SMILTE BLEI		ETSE NØTT		
DRAKT			FØR- TALDE ELVA	HALDE AV			DAM		OPP- FØRER	
EGG			TEPPE KJÆR- TEIKN		LAUSE	ARTIK- KEL OM- FANGET	UMAKEN KUNST- TEKNIKK			
SLETTE	↙	STRENG			GJØN			↘	DET ER TILBAKE KOMST	
		GNÅL (OM- VENDT)	KRY	SLAG RIVE I		LAND- VINNAR AMBOLT				
		KVASS				YPPAR TALORD			VIA	
ARBEID					SMÅ- JENTA			TYGG	SØK	
PRO- NOMEN										
			SALS- LAG	PREP. SKAL	VASKA DES- SERT			MØRKE STØY		
KUPP	GUD		KOME BORTI			PREP.		STONE IRANSK MYNT- EINING	INN- RØMME	
RYGG	OM- FANG		RENNI			SPEL				
		↘							FIR- RE	
UT- BYGG		DYR	HAMNE- BY SJKU- DOM		GRUNN- STOFF FASE	LEIE ELTE MAT				
KOLL			BERG- ART LEIKAR				FØDE LISTE		BESØK- ANDE	
LIKE		HALDE UT LEVER			KATALY- SATOR DUNSTE			KRØPPS DEL SMERTE		
		FUGL SPISS		HEVE SEG	TROLL- KJERRING FØRE- MON			SMEKKER NEDER- LAG		
TRYGLE	GA UT FRÅ STELE		TRAD- BUNTEN UTROP			GJER- RIGE PARTI			IKKJE	
DRIKK		VÅPEN				KJØT- SAFT		JENTE- NAMN		
RAST										
					★		←	↙	TAL	

Send løysinga til Leikanger skyttarlag v/Jan Helge Furre, 6863 Leikanger innan 1. februar 2010. Flaxlodd i premiar. Vinnarane vert tilskrivne. Løysinga og namna på vinnarane vert slått opp på skytebanene og lagt ut på heimesida.

Namn

Adresse

SOGN RØYR AS

Mobil:

473 80 200

473 80 201

473 80 202

e-post: post@sognroyr.no

20



Me utfører alt
innan røyr-arbeid!



Skifeltskyting i vinden att

Leikangerskyttarane er aktive også innanfor skifeltskyting. For eit par år sidan låg aktiviteten på skifeltskyting heilt nede på null. I løpet av to år har deltakinga på samlagsmeisterskapen tatt seg opp til rundt 40 deltakarar, der Lekangerskyttarane ser sterkt representerte.

I år var samlagsmeisterskapen og lagsmeisterskapen til Leikanger arrangert hjå Norum skyttarlag i Øvstedalen. Laget vårt hadde fleire vinnarar. Desse vart Andreas Oppedal Jakobsen, Vidar Skarsbø Dale, Maria Sæbø Nes, Jomar Skarsbø Dale, Per Ove Fosshheim,

Janne H. Njøs, Vidar Jakobsen og Arvid Brennset.

17 deltakarar var påmeldt frå Leikanger og dette må seiast og vere veldig bra.

Sjølve arrangementet er ei forenkla utgåve som skal kunne passe dei fleste. Korte rundar på ski og

med gevæet ståande på standplass. Løypene er lagt slik at tilskodarane har oversikt over heile løypa, noko som har resultert i at mange hadde tatt turen berre for å sjå på.

Vi hadde ein flott dag i Øvstedalen, og håper at enda fleire vil ta turen og vere med neste år, for her er alle velkomne, gamal som ung, veltrent som utrent. Det er sosialt og vi har det moro i lag.

Klasse rekrutt 10 – 13 år

- | | |
|--|----------|
| 1. Andreas Oppedal Jacobsen, Leikanger | 00.15.49 |
| 2. Eskil Skjulhaug Yttri, Leikanger | 00.22.24 |
| 3. Gabriel Skjulhaug Yttri, Leikanger | 00.23.14 |

Klasse rekrutt 10 – 13 år jenter

- | | |
|-------------------------------|----------|
| 1. Helena Sæbø Nes, Leikanger | 00.22.31 |
|-------------------------------|----------|

Klasse ER gutar 14 – 15 år

- | | |
|----------------------------------|----------|
| 1. Vidar Skarsbø Dale, Leikanger | 00.22.51 |
| 2. Stian André Fossoy, Leikanger | 00.23.52 |

Klasse ER jenter 14 – 15 år

- | | |
|------------------------------|----------|
| 1. Maria Sæbø Nes, Leikanger | 00.17.26 |
|------------------------------|----------|

Klasse junior menn

- | | |
|----------------------------------|----------|
| 1. Jomar Skarsbø Dale, Leikanger | 00.34.31 |
|----------------------------------|----------|

Klasse A-D mann

- | | |
|---------------------------------|----------|
| 1. Per Ove Fosshheim, Leikanger | 00.20.41 |
| 2. Atle Lunde, Leikanger | 00.25.26 |
| 3. Eivind Yttri, Leikanger | 00.30.15 |

Klasse A-D kvinne

- | | |
|----------------------------|----------|
| 1. Janne H Njøs, Leikanger | 00.28.51 |
|----------------------------|----------|


Klasse skytterklasse I

- | | |
|-------------------------------|----------|
| 1. Vidar Jakobsen, Leikanger | 00.23.22 |
| 2. Arve Yttri, Leikanger | 00.30.00 |
| 3. Jan Helge Furre, Leikanger | 00.35.12 |

Klasse skytterklasse II

- | | |
|------------------------------|----------|
| 1. Arvid Brennset, Leikanger | 00.31.38 |
| 2. Knut Grinde, Leikanger | 00.32.07 |





Stian Andre Fossøy skaut 350 under landsskyttarstemna på Evje

Å skyte fullt hus og sette ny personleg rekord under landskyttarstemne er ein stor prestasjon! Etter 250 poeng i den innleiande skytinga var Stian Andre kvalifisert til finale saman med 63 andre skyttarar i klassen eldre rekrutt. Det vart fire spennande dagar mellom den innleiande skytinga og finaleskytinga, men Stian Andre takla presset og skaut 100 poeng med 4 innertreff i finalen. Dette ga ein flott 24 plass, ungdomsmedaljen og medlemskap i den gjeve 350-klubben.

Leikanger skyttarlag gratulerar Stian Andre og ynskjer lykke til som junior neste sesong.

Olav Skarsbø

Østlands-Cup 2009

Etter flere års opphold stilte Leikanger lag i Østlands-cupen igjen.

Østlands-cupen er en årlig duell der alle lag som vil og kan stille med 8-mannslag kan delta, men lag utenfor østlandskretsen må enten låne seg bane, eller si fra seg retten til hjemmebane. To og to lag møtes, og alle 8 skyttere er tellende.

Med en så stor og aktiv gruppe Leikanger har med gode skyttere, mente vi at dette skulle gå bra. Men når sant skal sies er det ikke alltid like lett å finne et tidspunkt som passer for 8 mann.

I første runde trakk vi Spydeberg. Vi hadde nok håpet på å trekke et lag litt nærmere fylkesgrensa, men sånn kan det gå, og vi måtte ut på langtur.

Til tross for at Leikanger hadde den beste individuelle skytteren, Marianne med 339, var flere av våre litt uheldige og skøyt under par, og vi endte på 2585 poeng. Dette var ikke godt nok mot Spydeberg sine 2667 poeng, og vi måtte fortsette i B-cupen.

I neste runde skulle vi møte Randsfjorden, utenfor Hønefoss. En litt kortere tur, og et lag som vi var jevn gode med, med tanke på forrige rundes poengsummer. Også denne gangen hadde vi de beste individuelle skytterne i duellen, Tone Anette med 342 og Svein Kåre med 341, men resten av laget hadde ikke den helt store dagen denne gangen heller og vi endte på 2626 poeng, mot Randsfjorden sine 2638. Dermed var vi ute av årets cup.

Selv om det ikke gikk like godt som vi først hadde håpet på, hadde vi det gøy på tur, og flere fikk deltatt på mange stevner på østlandet som gikk disse helgene vi var av gårde.

22



Kva pokker føregår her?

Gjestene på Odden camping (stor campingplass på Evje) sperra opp augo då dei såg denne karen i aksjon mellom hyttene torsdag kveld. Med 8,64 sekund hadde Per Ove kvalifisert seg som ein av 16 til felt-hurtigfinalen på fredag. Øvinga går ut på å nytta kortast mogleg tid frå oppreist stilling, med sikra våpen, og til å ha treft 3 figurar som står på ulik avstand og med bra spreingsvinkel. Her ser me Per Ove treng på nedspranget, med Anders Tidemansen frå Førde skyttarlag som rett-leiar (litt seint å starta treninga kvelden før finalen, Per Ove!). - Diverre vart Per Ove utslått alt i første runde, og fekk dermed delt 9. plass i konkurransen.

Mange skyttarar spesialtreinar på denne øvinga. Roy Håkstad, Lakselvdal er ein av dei mest kjende utøvarane, og det har bygt seg opp eit miljø i Nord-Noreg rundt han. Per Ove sin motstandar kjem nettopp frå dette miljøet. Han heitte Stian Salo, eit litt spesielt etter-namn. Som Arne sa då han hørde namnet: «Da mao ve ein haoling!»

Fullt hus på dugleiksmerke

Leikangerskyttaren Marianne Stigen plotta inn 250 poeng under den årlege tevlinga mellom skyttarlaget og jakt- og fiskelaget i Leikanger.

Femteklasseskyttaren slo til med 25 treff, alle i tiaren.

Programmet ho gjennomførde med toppresultat er eit sokalla dugleiksmerkeprogram der alle dei aktive skyttarane skyt fem skot ståande, 10 skot på kne og 10 skot liggjande. Jegerane i tevlinga skyt alle sine 25 skot liggjande

I LANDSTOPPEN

Marianne Stigen sin kanonserie er eit resultat som vil bli lagt merke til langt utover samlagsgrensa

Vanlegvis er det kvart år berre nokre få skyttarar på landsbasis som klarer å oppnå tilsvarende resultat.

Stigen er no med i kampen om bestemannspremien for 2009 i greina dugleiksmerkeskyting. Tevlinga er landsomfattande.

BESTE - NOTERING

Stigen gjorde også sine sakte svært så bra under Landsskyttarstemnet på Evje i starten av månaden.

Med 241 poeng etter den innleiande skytinga sikra ho seg ein plass i banefinalen under skyttarane si årlege stormønstring. Med 98 poeng på ti-skoten enda ho på 339 poeng og plasserte seg med det resultatet blant dei aller beste skyttarane frå Sogn Indre under årets landsskyttarstemnet.

12

■ ■ Sport ■ ■

Tuesday 23 August 2009 • NRK 4

Sportsinteressert?

Tips meg på tlf. 958 70 62 / 57 62 71 77 eller send en e-post til endre@sognavis.no

Endre Romøren



Flyging til 2013

ALUMNI: Under eksternsportveko i år vart det totalt gjennomført 19 leir, 38 turar. Arrangementet hadde i utgangspunktet lovte til 25 leir, det tilsvarende 50 flyverar. Eksternsportveko har fått lovte til denne type flyging fram til 2013. Basert på erfaring frå Nordstet har vore ein sars viktig og fast del av programmet til Eksternsportveka, skriv arrangøren i eit brev til Fylkesmannen.

Ukjend med Grorud

FOTBALL: Bergenstevens skriv i farte veka at Brann er interessert i Sogndal-midstoppar Lars Grorud. Dette er ukjent for dagleg leiar i Sogndal Fotball, Yngve Hallén. – Nei, det har eg ikkje høyrte noko om. Brann er ein ryddig klubb som alltid opptrer på rett måte, så eg reknar med at dei tek kontakt dersom dei skulle vera interessert. Me har ikkje høyrte noko frå dei, seier Hallén. I høve byrjinga av sesongen har

kvittroyne masta Teemu Turunen, Barry Kader, Valtteri Laaksonen og Oskari Skarlan. – At stallen har minka er lama hjå oss, men det er ikkje dermed sagt at me garantert kjem til å henta ein ny spelar. Me tenker langsking når me ser etter nye spelarar, og ikkje berre på korleis ting skal sjå ut i haust, seier Hallén. – Me kunne gjort noko kortsluttige val, men me må vurdere kva handlingsrom me skal ha etter sesongen, og korleis me ønskjer å sjå ut neste år.

Fekk fullklaff på den lokale duellskytinga

■ ■ Marianne Stigen prikk inn 250 poeng på bana

LEIKANGER: Leikangerskyttaren Marianne Stigen plotta inn 250 poeng under den årlege tevlinga mellom skyttarlaget og jakt- og fiskelaget i Leikanger.

Femteklasseskyttaren slo til med 25 treff, alle i tiaren. Programmet ho gjennomførde med toppresultat er eit sokalla dugleiksmerkeprogram der alle dei aktive skyttarane skyt fem skot ståande, 10 skot på kne og 10 skot liggjande. Jegerane i tevlinga skyt alle sine 25 skot liggjande.

I landstoppen
Marianne Stigen sin kanonserie er eit resultat som vil bli lagt merke til langt utover samlagsgrensa. Vanlegvis er det kvart år

berre nokre få skyttarar på landsbasis som klarer å oppnå tilsvarende resultat. Stigen er no med i kampen om bestemannspremien for 2009 i greina dugleiksmerkeskyting. Tevlinga er landsomfattande.

Bestenotering
Stigen gjorde også sine sakte svært så bra under Landsskyttarstemnet på Evje i starten av månaden. Med 241 poeng etter den innleiande skytinga sikra ho seg ein plass i banefinalen under skyttarane si årlege stormønstring. Med 98 poeng på ti-skoten enda ho på 339 poeng og plasserte seg med det resultatet blant dei aller beste skyttarane frå Sogn Indre under årets landsskyttarstemnet.

Kai Martin Brekke
kai.martin@opus.no

Skylar	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	Sum
Marianne Stigen	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	250

SLÅ DENNE:
25 skot, 25 tassar. No kjemmar Marianne Stigen om bestemannspremien i dugleiksmerkeskytinga.

Opus leigevilje Sports Buss
Tlf. 57 82 99 00
Kauanger tlf. 57 62 57 57



SMIL: Marianne Stigen hadde grunn til å smile breitt etter toppserien på duellskytinga.



Velkommen til Sognefjord Hotel



Har du eit prosjekt , møte eller kurs du må halde eller kanskje ein fest eller samling?

Ikkje noko problem, det kan vi hjelpe deg med.

Sognefjord Hotel ligg sentralt plassert i sentrum av Leikanger kommune, på Hermansverk.

I hjartet av Sogn og Vestlandet

"Vår plassering gjer til at vi er eit naturleg samlingspunkt for mange. Med vår årelang erfaring og etter kvart så stort nettverk, har vi bygd opp ei stødig plattform som står til di teneste, når du vel oss som oppdragsgjevar."

Vi har no nyrenoverte møtelokale

- **Møtesal knausen** opptil 30 pers. og utsikt over Sognefjorden
- **Møtesal Nokkaneset** opptil 60 pers.
- **Fleire mindre møterom**
- **Sognefjordsalen** 100 pers. (ekstern sal)
- **Det meste innan AV-teknikk**
- **Sjå våre heimesider** for fullstendig Planløsning over møtelokaler,

"Vårt kjøken er tufia på tradisjonar og har metta mang ein reisande dei siste 50 åra. Filosofien vår er, ingen er svoltne på vårt Hotell.
Beste helsing kjøkenet."

Utval av aktivitetar

fjell og skiturar, fjordrafting, klatring, badebasseng, sauna leirdueskyting, smak av heimelaga øl, spa, kåseri og foredrag, gardsbesøk.



Med gode forbindelsar



Korleis nå oss

Bergen: 194,8 km

Oslo: 348,4 km

Ålesund: 238,5 km

Trondheim: 437,4 km

Nærast flyplass: 38,3 km

Buss: www.nor-way.no

Rutetrafikk i Sogn: www.ruteinfo.net

Båt frå Bergen: www.fjord1.no

Kontakt oss:

Jack og Håvard på
Sognefjord Hotel

Tlf: 57 65 11 00

Fax: 57 65 11 01

Mail: hotel@sognefjordhotel.no

www.sognefjordhotel.no

24



VELKOMEN TIL SOGNEFJORD HOTEL

DIN LOKALE SVAKSTRAUMS- INSTALLATØR

Butikk:

- Mobiltelefoner
- Dataløysingar for private og bedrifter
- PC-verkstad
- Tilbehør
- Tv og flatskjermer

Installasjon:

- Nettverk – Data/Fiberoptikk/Tele
- Alarmsystem
- Kommunikasjonsserverer

- Autorisert Panasonic og LG forhandler

Digital-TV:

- Forhandler av digitalt bakkenett frå RiksTV
- Forhandler av parabol frå Canal Digital



• Canal Digital

std SOGN TAVLE OG
DATAMONTERING A/S
BUTIKK • INSTALLASJON



6863 Leikanger • www.sogntavle.no

«Prinsessa» vår

Tone Anette Espe, eller som me likar å kalle ho etter denne sesongen: «Prinsessa vår».

Ho gjekk ikkje heilt til topps på prinsesselaget under landsskyttarstemnet, men ho er den einaste kvinna frå Leikanger Skyttarlag som har vore med på dette.

Dette vert nesten som eit kongelag for dei kvinnelege deltakarane på landsskyttarstemnet.

Som ei samanlikning kan me nemne at etter 2. verdenskrig er det kun 3 menn frå Leikanger Skyttarlag som har vore med på kongelaget. Desse er Ragnar Husabø, Inge Yttri og Eivind Yttri.

Når me i tillegg kan opplysa om at Tone Anette kvalifiserte seg til finale i Nations-skytinga, skjønner vel dei fleste at me måtte avlegga ho eit besøk.

Redaksjonen søkte om og fekk audiens i slottet pao Monken, og skulle endeleg få eit intervju med "Prinsessa" vår.

Me ville prøva å oppsummera sesongen hennas, og få med dei to høgdepunkta.

Me starta med å snakka om Nations-skytinga.

Denne er ganske tidleg i sesongen, og ho hadde skote kun tre stemner før denne strålende dagen på Årdalstangen 21. mai.

Ho hadde ikkje tidlegare lagt so mykje i dette med Nations-skytinga, og var rimeleg avslappa etter prøveskota.

26 Første 5 skot serie er knestående, og her fekk ho 49 poeng.

Andre 5 skot serie er liggande, og dette ga ho 50 poeng.

So kom det eit grunnlag, som består av 3 skot ståande, 3 skot knestående, og 4 skot liggande.

Dette ga ho 99 poeng, med ein niar på kne.

Etter å ha fått anvist dette, stimla arrangørane seg litt saman bak ho på standplass, og ho vart litt heitare i toppen, seier ho.

Men følte at ho heldt god fokus gjennom heile programmet.

So var det omgang, 10 skot liggande på 75 sekund, og her kom anvisinga med 100!

Ho enda dermed på 298 av 300 poeng i Nations-skytinga, og med dette supre resultatet kvalifiserte ho seg til finale.

Etter innleiande skyting låg ho på ein delt 4. plass. Dette gjeld altso heile Norge!

På grunn av at det samtidig vert skote om organisasjonsmedaljar, vert denne skytinga avslutta med 5 skot ståande.

Som Tone Anette sa det: «Dette var kun eit pliktlop, og vart gjennomført».

På spørsmål om korleis dette gjekk, fekk me eit greit svar: «Ikkje so bra».

Sjølv om finalen i Nations-skytinga vart holden etter Landsskyttarstemnet, gjer me oss ferdig med den før me går inn på prestasjonane på Evje.

I forkant av finalen vart det vel ein del skyting?

Nei, seier ho, ho skaut gjennom finaleprogrammet ein gong, men ho gjekk gjennom dette mange ganger i tankane.

Strategien var klar.

Finalen er ei helg sponsa av Nationen, og vart i år arrangert av Åsane/Hordvik.

Ho reiste fredag og kom att søndag.

Arrangementet starta med presentasjon av kvar enkelt av skyttarane på scena, totalt 20 stk. Litt sosialt fredagskvelden.

Merka allereie då at det var litt meir enn ei opa stemne.

Laurdagsmorgonen vart dei henta på hotellet i eigen buss, og køyrt ut til skytebana.

Skytinga starta med eit 3 min. grunnlag (3 stå, 3 kne og 4 ligg).

Deretter nationsomgang, 5 skot kne og 5 skot liggande på 1 min 30 sekund.

Dette enda i 88 + 97.

Tone Anette meinte ho fekk ikkje heilt med seg hovudet før etter grunnlaget.

Etter dette var det ein flott lunch og rangering før sjølve finaleskytinga.

Denne starta med 5 enkle kneskot, med anvisning etter kvart skot.

Dette fiksa Tone Anette fint, 50 med fem innertiarar!

Etter dette vart det ny rangering, og Tone Anette seier at no låg ho i nedre sjikte.

(Red. anm. Nedre sjikte? Det er her snakk om dei 20 beste skyttarane i Norge).

So var det 10 enkle ståandeskot med anvisning etter kvart skot.

Dette tok ca. 45 minutt, og det kan vera tøft nok å stå slik med våpen og utstyr i so lang tid.

Her enda ho i 93 poeng med 7 niarar.

Etter dette vart det kåra vinnar, og med påfølgande premieutdeling.

Vinnaren vart skyttarkongen Vebjørn Berg, og premieutdelinga førde til ein flott glass-statuett og 500 spissar (for lading av skot) til Tone Anette.

I tillegg vil me sei at det kom ogso ein del heder og ære med denne prestasjonen.

Når me spør Tone Anette kva ho tykkjer om å ha vore med på dette, smiler ho lurt og seier: "Det var no litt tøft å bli henta av eigen buss, og sitje der saman med Tor Harald Lund og dei andre toppane"

Ellers denne sesongen skaut Tone Anette tidleg i Norges Cup 343 poeng, ho la dermed lista og mannen Kjell følgde opp med 344.

Dette var med å plassera Kjell som den beste i Norgescupen frå Sogn Indre.

(Dette var noko Kjell hadde lyst å få med, for so han sa: "Ho slo meg ikkje der!")

På Landsdelskrets-stemna kom Tone Anette med i finale både på baneskyting og i feltskyting

I 2- runde Austlandscup, på Randsfjord, sette ho pers på 25 skot med 245.

So var det Landskyttarstemne på Evje.

Ho hadde hatt ein god sesong, og hadde skote markant betre på ståande i år.

Ho var vel innerst inne byrja å sette seg mål om medalje.

På feltskytinga fekk ho 29 av 30 treff og kvalifiserte seg til finale.

I finalen fekk ho 10 av 12 treff. Dette gav det flotte resultatet 39 av 42 treff.

Før bane skytinga gleda ho seg, og hadde tenkt at dersom kamera stoppa foran ho, skulle ho tenka: "YES!"

På bana skaut ho slik:

5 skot liggande – 50 poeng.

5 skot ståande – 46 poeng.

5 skot kne – 48 poeng.

Totalt 15 skot - 144.

Etter dette tenkte ho: "Dette var vel litt lite?"

So var det grunnlag, gjennomførde godt teknisk, ingen puls etter ståande, god følelse på kne, dei første tre skota liggande gjekk bra, såg på klokka og hadde god tid før siste skot.

Tenkte at dette skulle me avslutta bra.

Anvisning viser 99, med ein niar på siste skot liggandel

Typisk! Det er ikkje bra å avbryte ein god rytme!

Men totalt 243 poeng, eit stort smil, og godt fornøyd

Dette kvalifiserte ho til finaleskyting i Prinsesselaget.

I denne finalen er det ein omgang (10 skot liggande), og det gav 98 poeng.



Totalt 341 oeng, nummer 20 av alle damene som deltok.

For dette fekk ho medalje og kunne sei at: Målet var oppnådd!

Ellers skaut ho som skyttar nummer to for Sogn Indre på samlagskytinga.

Her skyt kvar skyttar eit grunnlag, og ho enda på 96 med ein 8 på første skotet.

Lagskyting er moro, når du har kvalifisert deg til å vera med på laget

Sogn Indre var med til siste slutt (som 8. beste laget på duellskytinga)

Når me ber Tone Anette oppsummera sesongen, seier ho:

- Kjempe. Beste til no.

- Vil nemna at miljøet i Leikanger Skyttarlag har bidrege til utviklinga.

- Mykje gode tips og råd, bra treningar. Godt miljø.

Redaksjonen takkar for at me fekk koma på besøk og slå av denne praten.

Me vil takka Tone Anette for dei gledene ho har gitt oss, og gleder oss til å følgje ho vidare.



sparebanken
sogn og fjordane

Jon Erik 24 år, VM-helt
frå Nordfjord



28

Skiskyttarkongen vår

I Nordfjord er det mange unge skiskyttartalent. Som lokal bank engasjerer vi oss og hjelper dei fram. At Sogn og Fjordane kan fostre ein ny skiskyttarkonge, det trur vi, det ønskjer vi og det satsar vi på.

I 2008 gav Sparebanken Sogn og Fjordane 25 millionar kroner i gåve og sponsorstønning til kultur, idrett og forskning i Sogn og Fjordane. Gjennom Furorestipendet og TOPP-idrettsutvikling bidreg vi til å løfte fram dei unge og talentfulle frå fylket.

Sparebanken Sogn og Fjordane
- la oss fellesskape framtida vår

Treningskot 2010:

	Nr.på geværet:	Dato:	Tal skot: _____
	Nr.på geværet:	Dato:	Tal skot: _____
	Nr.på geværet:	Dato:	Tal skot: _____
	Nr.på geværet:	Dato:	Tal skot: _____
	Nr.på geværet:	Dato:	Tal skot: _____

Rutinar ved avvikling av treningskyting/skyteprøven på 100 m:

Etter at det i 1998 vart innført obligatoriske 30 prøveskot før ein kunne ta skyttarprøven, har tal skot for jegrane auka mykje – noko som også var føresetnaden. I dag har Leikanger skyttarlag omlag 100 jegrar som skyt ca. 60 skot kvar, noko som tilsvarar omlag 6000 skot. Prøveskota skal gjennomførast over minimum to dagar.

For at vi skal kunne utføra denne aktiviteten under sikre og rolege former, og for å kunne hjelpe kvar einskild jeger, har vi innført desse reglane:

- For kvar trening/jaktprøve vil alt det sosiale føregå i skyttarhuset.
- Her skal alle melda seg på på eigne utlagde skjema.
- Her får du kjøpa ammunisjon
 - stadfesta prøveskot.
 - godkjent jaktprøven.

(sjekka om du har utført prøveskota, underskrift og stempel frå skyttarlaget).

På standplass:

- Det skal vera to leiarar på standplass.
- Skyting skal alltid føregå under leiing/kommando av ein standplassleiar.
- All kommando skal føregå med høgtalaranlegget på standplass.
- Berre skyttarar som skal skyta skal opphalda seg på standplass.
- Når skyttarane er ferdig å skyte/når skivetrekket er på veg inn eller er inne – skal sluttstykket på geværet alltid vera i bakkant.
- Lading av våpen skal føregå på kommando.
- Sluttstykket skal vera i bakkant inntil kommando eld er gjeve av standplassleiar.
- Når skyttaren er ferdig med skytinga, skal våpenet visiterast (sjekkast for patroner i kammer/magasin). Når våpenet er sjekka, tek ein avtrekk mot sikker bakgrunn og dreg så sluttstykket til bakre posisjon.
- Jegeren må sjølv gje beskjed om han ikkje har fått sjekka våpenet og aldri gå frå plassen sin før dette er gjort.
- Når jegeren har fått sjekka våpenet skal han straks forlate standplass slik at nestemann kan få sleppa til.
- Våpen som ikkje er i bruk, skal stå i framsett stativ.

Jegrane skal:

- Når du kjem til og reiser frå bana skal sluttstykket takast ut av våpenet og oppbevarast for seg sjølv.
- Våpenet skal alltid berast slik at løpet peikar oppover og med sluttstykket i bakkant.
- Ein skal aldri røre andre sine våpen uten løyve.
- Sikte- og avtrekksøving bak standplass er forbode.
- Ein skal ikkje lade våpenet før kommando.

Treningar:

Dato		Ansvarleg leiar:
24. juni	Trening	
1. juli	Trening	
8. juli	Trening	
15. juli	Jaktprøve	
22. juli	Jaktprøve	
5. august	Trening	
12. august	Trening	
19. august	Trening	
26. august	Jaktprøve	Jaktutvalet
2. september	Jaktprøve	Jaktutvalet

Alle dagar med trening frå kl. 19.30 til kl. 21.00.
Alle dagar med jaktprøve frå kl. 18.00 til 20.00.

**HUGS ALLTID Å BEHANDLE VÅPEN
SOM OM DET ER LADA!**

Leikanger skyttarlag.



30

Sognejenta frå Gol

Fleire har nok lurt på kven ho er denne Marianne Stigen som skyt for Leikanger skyttarlag, så Skytelappen har teke ein prat med ho. Fortel litt om deg sjølv.

Hei!

Jeg heter Marianne Stigen, kommer fra Gol i Hallingdal, er 22 år gammel og har to eldre brødre. Med en far som er oppvokst på

Årdalstangen, bestemor fra Luster og bestefar fra Sogndal har vi alltid hatt sterk tilknytning til Sogn.

Stigen-navnet kommer jo fra Sogndal og gården der bestefar vokste opp, og somrene våre ble stort sett tilbrakt på hytta i Luster, ved barndomshjemmet til bestemor. Nå har den yngste bror min bygget seg feriehus der, og det er i bruk så ofte som mulig.

Når det kom til studiested var det ganske naturlig å reise vestover i stedet for østover. Den egentlige planen var å studere i Bergen, men kravet for å komme inn var litt for høyt, så da ble det Sogndal (økonomi og administrasjon). Og det angrer jeg ikke på. Her er det passe stort, og et inkluderende og sammensveiset studentmiljø som kan tilby det meste.

Har du drive lenge med skyting?

Jeg tror jeg var 13 da et søskenbarn overtalte meg til å bli med på skytebanen for første gang, og vi fant ut at det egentlig var ganske gøy å skyte. Vi er fortsatt aktive skyttere begge to.

Men jeg var mest interessert i fotball på den tiden, og dro fra både finaler og lagskytinger for å spille kamp. Foreldrene mine lot meg få velge hva jeg ville drive med, og pressa meg aldri til å dra på trening hvis jeg ikke hadde lyst. Det at jeg kunne legge opp mitt eget løp, hadde mye å si for at jeg fortsatte med skyting.

Kva var beste prestasjonane dine då du skaut for Gol?

Det var først siste året i junior jeg begynte å skyte godt. Da hadde jeg en god sesong og ble samlagsmester i felt og bane, fylkesmester på bane og nr fem på baneskytinga på Landsskytterstevnet. Og jeg skøyt meg inn i 350-klubben.

Første året som senior ble jeg samlagsmester i felt, som første kvinnelige skytter i Hallingdal. Og den eneste hittil. I 2007 hadde jeg også en god sesong og skøyt ankeretappen på samlagsskytinga på Landsskytterstevnet der vi tok bronse.

Kvifor hamna du i Leikanger skytterlag?

Det var ganske mange hjemme i Hallingdal som mente at jeg burde kontakte Leikanger, siden de er et stort lag, med mange gode skyttere og de mente det var et godt miljø i laget. Og det var ganske viktig hvis jeg skulle fortsette å skyte mens jeg studerte.

Men jeg er litt treg av meg, og utsatte ganske lenge å ta kontakt. Helt til det en dag tikka inn en melding mens jeg satt på forelesning fra Eivind Yttri, som ville informere meg om treningsmuligheter og det bare var å ta kontakt hvis jeg var interessert. Så da var det bare å kaste seg ut i det og si ja.

Det var jo egentlig litt skummelt å skulle gå over til et nytt skytterlag og ikke kjenne noen. Hjemme så kjenner jo alle i laget meg. Så planen

var å være studentmedlem her om vinteren og skyte for Gol i utesesongen. Men jeg ble tatt så godt imot, og følte meg mer og mer hjemme, så etter noen mnd så reiste jeg hjem til Gol, takka for meg, og meldte full overgang til Leikanger. Så nå blir dere ikke kvitt meg med det første.

Kva tykkjer du om denne sesongen?

Jeg er egentlig veldig fornøyd med denne sesongen. Leikanger har jo en veldig aktiv treningsgruppe som jeg ble med i, og jeg starta å trene inne mye tidligere enn hva jeg pleide å gjøre hjemme i Hallingdal. Det resulterte i gode resultater i vinter, og jeg vant mitt første miniatyrstevne. Og det er jeg ganske stolt over. (Marianne vann stemna i Sogndal i februar, og vart samtidig nr to samanlagt om Agnitiopokalen, der resultata for dei tre stemnene Sogndal, Norum og Leikanger tel samanlagt - red.anm).

Ute gikk det ikke så godt i begynnelsen, men et bytte av løp gjorde mye, og jeg satte ny personlig rekord med 346 på en pokalskyting.

Og så var det en knall avslutning i høst. Først med 250 på dugleiksmerket, og så andre plass på samlagsstevnet. Jeg fikk også mine første Norges-cup poeng, når vi var i Bergen, der jeg ble overraska over meg sjøl og hvor godt det gikk.

Ellers så har jeg trena litt mer det året her, enn hva jeg har gjort tidligere, og vært mer fokusert på hva jeg trenger å trene på.

Det er mange aktive her, og det er nok den største forskjellen fra Gol. Der ble det ofte til at man stod alene og trente, og det var ikke så stor aktivitet som i Leikanger. Her er det mange målbeviste skyttere, og mange og spørre til rådss når det trengs, og jeg har fått en del nyttige tips som har hjulpet meg det siste året. Spesielt det med å ha fokus mot et mål, og prøve å planlegge hvordan du skal komme dit. Samtidig så har vi en god tone i gruppa, og det blir mange artige kommentarer.

Alt i alt så stortrives jeg!

Kva er planane framover?

Nå skal jeg forhåpentligvis til Australia og ta et semester der til våren. Og så har jeg et år til igjen i Sogndal før jeg har bachelorgraden min i økonomi. Hva som skjer etter det har jeg ikke planlagt enda, men det er ikke umulig at jeg blir værende her en stund til.

NORMA AS



Norma as, din totalleverandør av ammunisjon og ladekomponenter. Vi anbefaler spesielt Dimond Line for bedre presisjon, mindre løpslitasje og lettere renhold.

Godt utvalg i Norma jakt- og treningsammunisjon.

Landsdelsforhandler av Norma skytterlags-ammunisjon

SAUER reparasjonsverkstad

Godt utval av Sauer-deler, løp, pusseutstyr og skyttarrekvisita.

Utfører bedding av Sauer m.m.

Fyklets største våpenbutikk innan konkurranse- og jaktskyting.

KONTAKT OSS - VI HAR DET MESTE



Våpenloftet a/s

Børsemaker • Sauerstasjon • Våpen • Jakt • Skyttarrekvisita

6800 Førde - Tlf: 57 72 29 40 - Faks: 57 72 29 31.

Mail: post@vapenloftet.no • Internett: www.vapenloftet.no



RETNINGSLINJER FOR AVTALE OM FINANSIERING / UTLÅN AV VÅPEN TIL MEDLEMMER I LEIKANGER SKYTTARLAG.

Leikanger skyttarlag har som målsetting å få fleire unge aktive skyttarar. Vi kan no tilby ei finansieringsordning som gjer det lettare å skaffe seg eige våpen til trening og konkurranseskyting.

1. Aktive medlemmer i skyttarlaget søker om å få delta i ordninga. Søklar spesifiserar behov for våpen og tilleggsutstyr. Skyttarlaget kan her hjelpe til med val av utstyr.
2. Leikanger skyttarlag kjøper inn våpen med nødvendig utstyr og finansierer dette.
3. Leikanger skyttarlag låner deretter ut våpenet over ein tidsperiode på inntil 5 år. Låneavtalen gjeld for 1 år av gongen og må fornyast årleg. Medlemmen er sjølv ansvarleg for å ha gyldig låneavtale med skyttarlaget.
4. Våpenet skal berre finansierast / leigast ut til aktive medlemmer i Leikanger skyttarlag.
5. Medlemmer under 18 år får berre låne våpen i foreldre/ føresette sitt namn.
6. Nye medlemmer må delta aktivt på lagets treningar i minst 6 månader, før dei får rett til ordninga.
7. Leige- / avdragsbeløp vert fastsett ut frå total kostpris pr. objekt . Beløpet skal ikkje være mindre enn 20% av kostpris pr. år. Renta vil følgje det til einkvar tid gjeldande rentenivå i Sparebank Sogn og Fjordane.
8. Styret godkjenner finansiering / leigeavtale, etter søknad frå medlemmen.
9. Avtala leige / avdragsbeløp skal kvar månad overførast til Leikanger skyttarlag sin konto.
10. Långivar kan seie opp avtalen med umiddelbar verknad dersom låntakar ikkje held den inngått avtalen. Innbetalt leigebeløp vert ikkje refundert.
11. Låntakar kan, i særskilte tilfelle og etter søknad, be om å bli løyst frå avtalen med 3 månader varsel. Ved attendelevering skal det vere nytt løp i våpenet. Våpen med tilhøyrande utstyr skal vere nypussa. Når långjevar har godkjent innlevert våpen og tilleggsutstyr er låntakar fri for vidare plikter. Innbetalt leigebeløp vert ikkje refundert. I særskilte tilfelle kan medlemmen søkje styret om refusjon av innbetalt beløp eller deler av dette.
12. Låntakar kan overdra leigeavtale til ny eigar. Overdraging av leigeavtalen skal godkjennast av styret i Leikanger skyttarlag etter søknad frå medlemmen. Eventuelt mellomverande mellom låntakar og ny låntakar er styret uvedkommande. Innbetalt leigebeløp vert ikkje refundert.
13. Låntakar kan når som helst betale inn restbeløpet. Restbeløpet kjem fram slik: Våpenets kostpris minus avdragsdelen av innbetalt beløp.
14. Låntakar har risikoen for våpenet frå det tidspunkt dette er overlevert. Låntakar skal halde långjevar skadeslaus for tap av våpen, samt skade som dette eventuelt måtte påføre andre.
15. Låntakar skal straks varsle lånegivar om tap av våpen oppstår.
16. Avtalt leigebeløp skal betalast sjølv om våpenet vert skada eller er under reparasjon.
17. Långivar kan krevje inspeksjon av våpenet når han måtte ynskje det.



«Stolte» Systrondsjeigarar og guidar med trofea.

Bjørnejakt i Sibir

34 Fire jaktkameratar frå Leikanger, ein jeger frå Sunnfjord pluss turoperatør (Mylla Jakt & Fiskereiser) og ein profesjonell fotograf (Morten Brekke frå Taiga Media), la i mai ut på tur til austlege Sibir for å jakta brunbjørn. Dette vart ein tur som for oss vart ein ekstrem ekspedisjon i særskilde framande omgjevnader.

Ferda frå Moskva gjekk austover til Magadandistriktet og byen Magadan som ligg ved Okhotsk – havet, eit stykke vest for Kamchatka-halvøya. Frå Moskva til Magadan tek det 8 timar med fly, og tidsforskjellen frå Norge er 10 timar. Byen ligg om lag ved 60 grader nord, dvs det same som Bergen.

Vi landa om morgonen i det austlege Sibir – ein del av verda som vi berre hadde høyrte og lese om, og som vi assosierte med ekstrem kulde og endelaus tundra. Dette var i byrjinga av mai, men her låg snøen framleis som eit vitne om vintrar vi ikkje opplever heime.

Jaktområdet vi skulle vera i, ligg ved havet om lag 30 mil sørvest for byen. Det var meininga at vi skulle reisa med båt, men etter 2 døgns venting viste det seg at isforholda på havet (drivis) var slik at det berre var helikopter som nytta. Så eit svært transporthelikopter (MI8) tok oss + alt utstyr til leiren (og det var her snakk om mange tonn).

Sjølve jaktleiren bestod av 2 manns militærtelt (utan botn), men med vedomn slik at vi hadde det varmt og fint i telta. Eit stort telt vart rigga opp til «kantine» og kjøken, og det var med to kokkar som laga all maten til oss. Elles i leiren var det 5 jaktguidar + 4 mann som jobba med å samle ved og hente vatn.

Sjølve jaktinga føregjekk på to måtar. Anten med snøscooter inn på den russiske tundraen og taigaen for sporing i snøen etter bjørn, eller med Zodiak-båtar langs etter land for å finna bjørn



som kom ned på strendene etter krabbe og reker. Vi hadde to snøscooterar til disposisjon, men den eine heldt berre ein dag!

Alt første dagen på taigaekspedisjon lukkast vi å finna spor etter ein bjørn. Etter intens sporing lukkast vi å koma på skothald, og den første bjørnen kunne fraktast til leiren. Bjørnane vi her


snakkar opp er nesten dobbelt så store som den vanlege norske brunbjørnen og ligg mellom 8-10 fot (3 m) frå hale til nasetipp.

Eg var tre dagar ute med snøscooter, og kvar dag vart det omlag 40-60 mil køyring. Eg sat i ein slede (plastslede som likna på eit badekar). Naturleg nok var det ein nokså fortumla jeger som returnerte til leiren om kveldane. Vi hadde kjøpt oss tjukke snøscooterdressar der borte, så det var ikkje problem med å halda varmen. Men dressen var så tjukk at mobiliteten til beins vart noko avgrensa. Elles var det ein fantastisk natur med endelause vidder i eit nokså kupert terreng. Skogstundraen består stort sett av små lerketre og enkelte tette bjørkekratt. Men det var minimalt med spor etter bjørn, noko som vart forklart med at det ikkje var så mange som var komne or hiet enno. Dessutan viste det seg etter kvart at snøen byrja å bli sopass blaut at vi sette oss fast med scooteren rett som det var. Men vi hadde med nokre svære plankar med lær-reim over som vi skulle nytta som ski dersom vi måtte ta føtene fatt for å koma oss tilbake til leiren (men heldigvis vart det ikkje bruk for desse «flakane»).

Den fjerde dagen skulle eg på havet med Zodiakbåt og baksa mellom drivisen for å speida etter bjørn. Og etter ca 2 t langs kysten observerte vi med kikkert ein bjørn langt oppe i fjellet (det var ganske bratte fjell ned mot kysten der fjellfoten som oftast gjekk over i ei 5-10 m brei strandsone av stein). Her skulle eg på land saman med leirens to sprekaste guidar.

Jakt-campen ved Okhotsk havet.





Jegrane samla i «restauranten».

36

Første hinder var å koma seg på frå båten då brenningane slo innover mot blokker av stein, men etter eit velluka byks frå ein bølgetopp kom vi oss tørrskodd inn. Neste hinder var å koma seg opp på fjellet der einaste farbare traseen var ei laus steinur. Etter om lag 200 (bratte) høgdemeter var det mogleg å koma seg ut av ura, men då sistemann steig ut av ura kom eit steinras, truleg utløyst av snøsauer som beita høgre oppe. Men lukka står den trauste jeger bi, og vi kunne fortsetja klatringa oppover i eit meir skogvakse terreng. Men då vi gjennomsveitte kom oss opp dit bjørnen skulle vera, var sjølvsgagt den slu bamsen fordufta og reist innover fjellet. Vi måtte berre bita tennene saman og halda fram med klatringa til topps. Problemet vart no at vi kom i snø som periodevis var blitt så blaut at vi sokk nesten til livet. Då vi endeleg kom til topps (ca 700 meter), var det tid for mat og skifte av gjennomsveitte klede.

Vi observerte no ein del spor, og plutseleg ser den eine guiden ein bjørn som kryssar eit stykke under oss. Men haldet var så langt (om lag 450m) at sjansen for eit vellukka skot var liten. Vi fortsette difor innover fjellet og observerte der bjørn på 1 km avstand. Denne var truleg skremd av dei andre i laget som var på hi sida av fjellet. Ut på ettermiddagen måtte vi returnera same

vegen som vi kom (hadde grua meg heile dagen på nedstiginga av den omtalte ura). Men like før vi skulle byrja gå ned, fekk vi auga på ein bjørn som kom i retning mot oss. Jegeren kom seg raskt på plass bak ein stor stein, og på om lag 250 m vart bamsen sine dagar avslutta. Den ramla ut i ei svær ur og for kast i kast nedover med stive bein til vi ikkje såg den att. Lause steinar buldra nedover i lag med bamsen. Vi kunne ikkje gå ned der då det var for farleg, så vi kom oss heilskinna ned att til havet same vegen som vi kom opp. No var det å finna att bjørnen, og etter om lag 700 m søking langs «stranda», vart den funnen - 100 m frå strandkanten. Den hadde tydeleg fått litt «juling» i si ferd nedover ura med knekte tenner, men eg fekk forklard guidane at det var ikkje noko problem med ein tannlege som jeger. Elles var det å kommunisera ikkje så heilt lett, då ingen av desse guidane kunne anna enn russisk. Men det er utruleg kva ein greier med fingrar og grimasar.

Då bamsen var flådd var det blitt mørkt, og båten som skulle plukka oss opp var enno ikkje komen! Regn og nesten 0 grader var no ikkje akkurat ynskjevêr, og total mangel på kommunikasjonsutstyr gjorde situasjonen litt ubehageleg. Vi visste altså ikkje kva som hadde skjedd med dei andre i båten, men måtte berre

prøva å slå natta i hel - delvis liggjande oppå ein stein med ein plastsekk over seg for å halda litt av regnet unna. Om morgonen i 7-tida høyrde vi ein båt, men dei var ikkje klar over oss, so eg måtte bruka dei to siste skota (NB!skot i lufta!) eg hadde att for å få gjort dei merksame på oss. Vi kom oss no etter ein del baling om bord i gummibåten. Vi fekk no forklart at dei hadde mørkna ute oppe på fjellet etter å ha skote ein bjørn. Så det var altså to Systrondsjeegarar som fekk oppleve Sibirsk «vårnatt» i det fri.

Trøytt og svoltne såg vi no fram til å koma oss til leiren (ca 2 t), men då vi hadde att ca 2 t (kunne sjå leiren langt unna), gjekk vi sjølvsgagt bensinturre (utan reservebensin). Her var det berre til å padla seg fram mellom isflaka, men framdrifta viste seg å bli av det tuskne slaget. Heldigvis var det eit naudbluss om bord, og ved hjelp av ein slik «nyttårsrakett» fekk vi varsle leiren om at vi trengde assistanse. Etter om lag ein time kom det bensinforsyning frå leiren, og vi kunne endeleg koma oss «heim» til turre klede og litt søvn.

I ettertid prøver eg sjølvsgagt å laga litt dramatik ut av dette, men eigentleg var vi ikkje i nokon fare (kanskje bortsett frå vandringa i ura). Vi hadde profesjonelle guidar som tydelegvis hadde vore ute ei vinternatt før, og dessutan hadde vi jo bjørneskinnet å dra over oss viss det skulle bli for ille!

Vi var som sagt 5 jegerar på denne turen, og alle fekk felt bjørn i 8-9 fot klassen. Alt i alt vart det gjort om lag 71 bjørneobservasjonar, så det verka som bestanden var stor. Av andre dyr vi såg, var det snøsau som levde oppe i fjella. Dette er ein stor og ekstremt hardfør villsau, der hannen får svære tjukke bakoverbøygde gevir. Det er eit kostbart jakttrofé, men snøsauen er ikkje jaktbar på denne tida av året.

Etter 7 utrulege jakt dagar var det tid for avreise, og det var no komen ein båt som skulle frakta



Speiding langs kysten i gummibåt.

oss til Magadan. Den låg oppankra eit stykke ut på havbukta, og det viste seg å vera ein liten slepebåt. Vi pluss alt utstyret i leiren (inkl. 2 snøscooterar) vart frakta ut til båten i Zodiak-båtane. Det tok 15 timar tilbake til Magadan, der

båten måtte skubba seg fram mellom tett drivis. Men vi kom oss no velberga til byen eit stykke ut på morgonkvisten, og til flyet vårt som skulle gå midt på dagen. Trøytt jegerar stilte opp på flyplassen med bagasje + kvar vår store plastsekk med bjørneskinn og hovud. Vi slapp å betala overvekt før vi kom til Moskva, men derifrå «svei» 200 kg overvekt litt.

No er skinna sende til utstopping og beredning, og vi sit att med fantastiske minne om ein utruleg jakttur til eit område på kloden som vi fram til då berre hadde lese og drøymt om.

Jakt og fiske (mykje fiske i lakseførande elvar i dette området) er etter kvart vorte ei viktig inntektskjelde for distriktet. Det pluss auka turisme kan kanskje vera redninga for eit slikt ugjestmildt (frå naturen si side, men absolutt ikkje frå menneskeleg side) område. Dei folka vi hadde kontakt med gav oss eit inntrykk av eit

hardt prøvd folkeslag, men som likevel kunne gje av seg sjølv som vi «privilegerte» berre må kunne dra lærdom av.

Litt om historie og fakta

Regionen Magadan vart skipa i 1953, og omfattar om lag 1,2 mill km². Til samanlikning er Noreg 320 tusen km². Her er det eit subartisk klima med svært kalde og lange (6 mnd) vintrar. Permafrost og tundra dekker ein stor del av regionen. Middelttemperaturen om vinteren er minus 19 til minus 38 grader. Om sommaren er middelttemperaturen mellom pluss 3 til pluss 16 grader.

Magadanregionen har rike førekomstar av gull, sølv, tinn, tungstein, kvikksølv, kopar, kol, olje og torv. I tillegg er fiske viktig for området, der krabbe utgjør over 64%. Dessutan prøver dei no å byggja opp ein turist- og jakt/fiske industri. Men når vi veit at heile dette området var lukka for utlendingar så lenge den kalde krigen varte, skjønar ein at det tek si tid å byggja opp noko slikt.

Byen Magadan vart bygd opp i 1939 som ei transitthamn for politiske fangar. Fangar i GULag leirane vart sett til å driva ut desse mineralførekomstane. Desse fangane var opportunistar til Stalin-regimet, og ein har tilgang på materiale som viser at det har vore til saman minst 8 mill fangar i desse leirane. Berre få overlevde det harde klimaet og dei umenneskjelege påkjenningane dei vart utsett for. Vi vitja eit museum i Magadan by som viste historikken (bilder og ting) til GULag leirane, og det gav eit usletteleg inntrykk.

Grunna der barske klimaet, må Magadandistriktet få tilført om lag 50% av all mat ein treng utanfrå. Sjølv byen Magadan hadde frå starten av om lag 400 tusen innbyggjarar, men i dag bur det berre om lag 150 tusen her. Byen er sterkt prega av forfall og minimalt vedlikehald. Påbegynte byggverk (m.a. ei flott kyrkje med løkkuplar med gullbeslag) var stoppa opp grunna mangel på kapital.

Opningstider jula 2009

Julafta	09.00 - 14.00	Tysdag 29	10.00 - 22.00
Juledag	Stengt	Onsdag 30	10.00 - 22.00
2. juledag	10.00 - 22.00	Nyttårsafta	09.00 - 14.00
Måndag 28	10.00 - 22.00	Nyttårsdag	Stengt

Sal av FYRVERKERI

måndag 28/12, tysdag 29/12,
onsdag 30/12
frå kl 10.00 - 17.00

Nyttårsafta 09.00 - 14.00.


(Vaskehallen blir stengt desse dagane
for bilvask pga sal av fyrverkeri)



*Hermansverk
Servicesenter as*

6863 LEIKANGER • TLF. 57 65 34 16

www.mesta.no



Totalleverandør av sikker vei – sommer og vinter

39

Mesta as er Norges største entreprenørselskap innen bygging, drift og vedlikehold av vei. Vi er en nasjonal bedrift med lokale kundesentra over hele landet, og tar på oss store og små oppgaver for stat, kommune, firmaer og privatpersoner.

Mesta har konkurransedyktige priser, så ta kontakt for et tilbud!

Ring Mesta på tlf 05 200 eller gå inn på www.mesta.no.

 **mesta**
FÅR FOLK FRAM

